

## Saksprotokoll i fylkestinget - 14.12.2016

**Pål Kårbø (KrF)** sette fram slikt forslag (a):

«Nye punkt:

1. Fylkestrafikksikringsutvalet skal ha uttalerett i trafikksikringssaker.
2. Utval for miljø og samferdsel skal ha eit overordna ansvar for miljøsaker.»

**Pål Kårbø (KrF)** sette fram slikt oversendingsforslag til fylkesordføraren (b):

1. «Jf. kommunelova § 32.  
Det bør vera utvalsleiarmøte før dagsorden/sakliste vert sett eller sakene fordelt og sendt ut, slik at utvalsleiar er med og organiserer utvalsmøta.
2. Fylkestinget ønskjer at arbeidsgruppa (gruppeleiarane) også gjennomgår delegasjonsreglementet til rådmannen vedk. økonomi.»

**Mona Røsvik Strømme (H)** sette fram slikt forslag:

«Punkt 2.1.1 Bygg og eiendomsforvaltning  
Langsiktig over 4 år  
Vesentlig verdi: 1 mill. pr. år i leieinntekt skal til fylkesutvalget.»

### Røysting

Det var 54 representantar til stades.

Strømme sitt forslag fekk 25 røyster (H, V, Frp, MDG) og fall.

Innstillinga punkt C fekk 31 røyster (A, KrF, Sp, SV) og vart vedteke.

Innstillinga frå politisk arbeidsgruppe med punkt 14 vart samråystes vedteke.

Kårbø sitt forslag (a) vart samråystes vedteke.

Kårbø sitt forslag (b), punkt 1 vart samråystes vedteke oversendt på vegner av forslagsstillaren utan realitetsbehandling.

Kårbø sitt forslag (b), punkt 2 vart samråystes vedteke oversendt på vegner av forslagsstillaren utan realitetsbehandling.

### Vedtak

Jfr. forslag til innstilling frå politisk arbeidsgruppe, med slike endringar:

1. Vedr. pkt. 14. Ordskifte. Taletid. Møteleiar si deltaking:  
Erstatte ordet *dokument* med «*materiell*»
2. Pkt. C Delegasjon til fylkesrådmannen.  
1. Økonomi  
Forvaltning, drift og vedlikehald  
Første kulepunkt vert foreslått endra slik:

Inngå avtaler om leige og utleige av bygg, bustader, lokale eller *tomtar (ubebygd areal)*, som ikkje er av *langsiktige (10 år eller meir) eller vesentleg (2 mill. i årleg leige) verdi*.

3. Fylkestrafikksikringsutvalet skal ha uttalerett i trafikksikringssaker.

4. Utval for miljø og samferdsel skal ha eit overordna ansvar for miljøsaker.